

## **Saksgang**

| Utv  | Utv.saksnr. | Møtedato   |
|--|-------------|------------|
| Hovudutval for kultur, idrett og integrering |             | 15.10.2020 |

## **Rapport: Bergen Nasjonale Veteranskipshavn**

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering tek rapporten «Bergen Nasjonale Veteranskipshavn - Med fortiden inn i fremtiden», til vitande.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering er positive til at Bergen kommune gjer vidare utgreiing av finansierings-/selskaps-/driftsform og lokasjon for Bergen Nasjonale Veteranskipshavn.

Samandrag

Bergen Kommunale Kystkultursenter AS har levert rapporten «Bergen Nasjonale Veteranskipshavn – Med fortiden inn i fremtiden». Rapporten tek til orde for etablering av ei rekke tiltak som vil stø opp under fartøyvernet og frivilligheita rundt. Fylkesdirektøren ser at rapporten leverer gode svar på ei rekke behov, og tilrår at Hovudutval for kultur, idrett og integrering tek rapporten til vitande og stiller seg positive til ei vidare utgreiing om spørsmål knytt til lokasjon, driftsform og finansiering for Bergen Nasjonale Veteranskipshavn.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

David Aasen Sandved  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

Vedlegg  
1 Vedlegg 1 Rapport: Bergen Nasjonale Veteranskipshavn

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Bergen Nasjonale Veteranskipshavn blei lansert for aktuelle instansar hjå Bergen kommune, Hordaland Fylkeskommune, Riksantikvaren og veteranskipsmiljøet alt i 2009, på initiativ frå Bergen Kommunale Kystkultursenter. Hordaland fylkeskommune ytte i 2012 KUP-midlar (NOK 600 000) til Bergen kommune for å greia ut Bergen Nasjonale Veteranskipshavn (KURE-sak 61/12). Utgreiinga skulle svara på følgjande:

- Levere en overordnet strategi for nasjonal veteranskipshavn i Bergen. Strategien skal være funksjonell i forhold til alle tre forvaltningsnivåer og politikk.
- Lage konkretiserte planer for samseilingsprogram/rederi, for samordnet formidling overfor publikum og utnyttelse av reiselivsinntekter. Planene skal være grunnlag for gjennomføring og finansiering fra relevante andre kilder, inkludert næringsutvikling.
- Etablere felles møtesteder for aktørene knyttet til havnene og til kystkultur/fartøyvern som inkluderer både frivillige og profesjonelle aktører.

Prosjekteigar er Bergen kommune ved byrådsavdeling for klima, kultur og næring. Byrådet i Bergen vedtok (i byrådssak 1353/12) at Bergen Kommunale Kystkultursenter AS skulle stå for gjennomføringa av utgreiinga. Prosjektet er forutan fylkeskommunale KUP-midlar, finansiert av verdiskapingsmidlar frå Riksantikvaren, og Bergen kommune. Rapporten «Bergen Nasjonale Veteranskipshavn - Med fortiden inn i fremtiden» ligg no føre. (vedlegg 1)

Rapporten skildrar Bergen Nasjonale Veteranskipshavn (BNV) som ein organisatorisk overbygning av fasilitetar for veteranskip i Bergen og regionane rundt. BNV skal vera lokalt forankra i det sentrale hamneområdet i Bergen, og ta på seg oppgåver på regionalt og nasjonalt nivå.

Bakrunnen for prosjektet er at dei frivillige laga som tek vare på verneflåten, har ei rekke felles problemstillingar knytt til hamneforhold, økonomi, mannskap, regelverk, søkerader og rapportering. Tanken med BNV er å få til ei betre tilrettelegging for den store flåten av veteranbåtar i Bergen og områda rundt, og skapa eit samlande kraftsenter for desse flytande kulturminna.

Det er eit offentleg ansvar å legge best mogleg til rette for at frivilligheita og fartøyvernet kan utvikla seg innafor gode og føreseielege rammer. Rapporten har god forankring i planar både frå Bergen kommune, Riksantikvaren og i regional kulturplan:

*«Hordaland er det fylket som har flest listeførte og freda fartøy i Noreg. Stort frivillig engasjement og profesjonelle fagmiljø gjer at Hordaland står sterkt rusta til å ta vare på dei flytande kulturminna. Særlege utfordringar er knytt til vilkåra for dei som forvaltar og driftar fartøya og rekrutteringa av barn og ungdom. Det er trond for fellestiltak som kan forenkla og samordne styresmaktene sin innsats i høve dei frivillige.»*

(Premiss kultur: Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025: 75)

Bergen og Vestland har sterke kunnskapsinstitusjonar som Museum Vest, Bymuseet i Bergen, Bergens Sjøfartsmuseum, Hardanger fartøyvernsenter v/ Hardanger og Voss museum, samt reparasjonsverftet Dåfjorden Slipp. Dette, saman med ein stor verneflåte og naturleg gode hamner, gjer Bergen til ein godt ega stad for ei nasjonal veteranskipshamn.

Rapporten skildrar vidare dei fysiske rammene rundt veteranskipshamna; Vågen, hamna i Bergen Kommunale Kystkultursenter (Sandviken Veteranbåthavn), og hamna ved Gamle Bergen. Kvar av desse hamnene si historie, moglegheiter og utfordringar er synleggjorde i rapporten. Dei tre delhamnnene skal gå under den felles nemninga Bergen Nasjonale Veteranskipshavn: BNV-Vågen, BNV-Kystkultursenteret, og BNV-Gamle Bergen.

Rapporten har ei omfattande rekke med tilrådingar. Mellom anna vert det foreslått å oppretta ei 100 % stilling til servicekontor/rederi knytt opp mot BNV-Vågen. Dette er skissert som ein fellesfunksjon som arbeider med sams utfordringar for fartøya; skaffa mannskap, gjera innkjøp, halda fartøyet sertifisert, skrive søkerader, drive marknadsføring, billettsal og booking. Fartøya vil framleis opptre som juridisk uavhengige selskap når det gjeld drift.

Rapporten peikar òg på viktigheita av ein felles samlingsstad for fartøyvernmiljøet, eit servicesenter med lokale for sosiale treff, kurs, konferansar og liknande, samt kontorlokale for fellestenestene.

Formidling vil også vera ein viktig del av BNV sitt virke. Rapporten tilrår at det vert laga eit heilskapleg formidlingsopplegg i eit samarbeid mellom BNV, fartøya, aktuelle museum og reiselivsnæringa.

Ein felleskonservator for fartøyvern, knytt direkte opp mot BNV, vil kunne sikra at arbeidet med dei flytande kulturminna skjer etter antikvariske prinsipp, samt fungera som eit bindeledd mellom forvaltinga ved Riksantikvar/fylkeskommune og lokale fartøy.

Modell for organisering og eigarskap vert diskutert i siste del av rapporten. Fleire moglege løysingar vert skisserte, men tilrådinga er at «BNV eies av Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune. Det vurderes flere deltakere på eiersiden for å få et bredest mulig fundament for BNV.» Vestland fylkeskommune er invitert til å samarbeida med Bergen kommune om å greie dette spørsmålet vidare ut.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje relevant.

**Klima:** Rapporten har ingen direkte miljømessige konsekvensar, men dette vil måtte vurderast fortløpende når tiltak i eit evt. hovudprosjekt vert iverksett.

**Folkehelse:** Gjennom BNV vil ein kunne styrke lokal identitet og auke engasjementet om kulturminnevern generelt og fartøyvern spesielt.

**Regional planstrategi:** Premiss kultur. Regional Kulturplan for Hordaland 2015-2025 omtaler behovet for fellestiltak og samhandling med det frivillige på fartøyvernfeltet.

Fylkesdirektøren vurderer at rapporten svarar på punkta i vedtaket til KURE-sak 61/12 og legg grunnlaget for ei framtidig etablering av BNV - ei veteranskipshamn som kan bidra til synleggjering av kysthistorie og kulturarv. Prosjektet løftar fram Bergen hamn si tydelege rolle i historia, som senter for sjøfart og handel.

Fylkeskommunen har gjennom tildelingar og høyringsuttalar gitt uttrykk for at ein ser på BNV som eit strategisk viktig prosjekt. Kysten si økonomiske og kulturelle rolle har vore stor, og kulturuttrykk frå kyst- og fjordområda treng styrkast. Veteranskipslåten representerer ein viktig del av norsk identitet, og frivilligheita rundt fartøya er stor.

Rapporten tek opp sentrale problemstillingar for eit felt som treng infrastruktur og støtteapparat som sikrar føreseielege rammer, profilering, rekruttering og kunnskap. Tiltak som fellestenester og servicekontor for veteranskipa, ein felles samlingsstad for miljøet, og eit heilskapleg formidlingsopplegg utvikla i samarbeid med kunnskapsinstitusjonane er skissert.

Frivilligheita har alt stor kunnskap på feltet, og er den viktigaste ressursen for veteranskipshamna. Fylkesdirektøren meiner det er avgjerande at vidare arbeid mot ei nasjonal veteranskipshamn tek omsyn til frivilligheita og sikrar gode rammevilkår for denne.

Når det gjeld lokalisering av kaiplass for BNV-Vågen, tilrår rapporten å legge denne til Dreggekaien og Bradbenken. Medan saka har vore til handsaming i Bergen kommune, har Bergen Havn peikt på utfordringar ved Dreggekai/Bradbenken-alternativet som ikkje er tilstrekkeleg utgreidd i rapporten.

Fylkesdirektøren ser det som viktig å få ei avklaring på spørsmål om lokasjon, og at ein i dette spørsmålet også ser samanhengen mellom flytande kulturminne og kulturminne på land som del av vurderinga. Vidare bør ein vurdere korleis BNV kan vere ein ressurs for frivillege som driv med fartøyvern i ein større del av fylket.

## Konklusjon

Fylkesdirektøren meiner den framlagde rapporten med forslag til etablering av BNV - ei veteranskipshamn, vil bidra til synleggjering av kysthistorie og kulturarv. Rapporten tek til orde for etablering av ei rekke tiltak som vil stø opp under fartøyvernet og frivilligheita rundt.

Fylkesdirektøren ser likevel at det vil vere trøng for nærmere avklaringar på spørsmål som gjeld lokasjon samt modell for drift og finansiering.

Fylkesdirektøren rår til at Hovudutval for kultur, idrett og integrering tek rapporten til vitande og stør opp om Bergen kommune sine vidare utgreiingar knytt til lokasjon, samt drifts- og finansieringsmodell.